

KVA ER EIKEFJORD GRENDAUTVAL ?

-Dei som bur i grenda vel sjølve- ved fleirtals- val medlemmene i grendautvalet. Desse er valde for to år.

-Eikefjord grendautval skal ha sju medlemmer.

-Utvalet representerer eit område som i vest går til og med Leversundet, i aust til og med Knapstad, og i sør til og med Vasset. Ved val av grendautvalsmedlemmer vert det teke omsyn til at det bør vere ei spreiding til ein stor del av dette området.

-ARBEIDSOPPGÅVENE:

-Utvalet skal arbeide med saker som gjeld grenda.

-Utvalet tek sjølv opp saker-

-Får tilsendt saker frå sentraladministrasjonen i kommunen og frå kommunale nemnder og utval til fråsegn.

-Grendautvalet avgjer sjølv når det skal haldast grendamøte. På slike møte har alle som bur i grenda- og interesserte- rett til å møte.

GRENDAUTVALET ARBEIDER MED FLEIRE SAKER:

Eikefjord grendautval har hatt møte mest kvar veke, og det vert arbeidd med ei rekkje saker. Først og fremst etterlyser utvalet korleis ulike saker står i dag, til dømes:

-Veglys/kommunalt vatn til Knapstad.

-Regulering av sentrumsområdet.

-Bustadbygging, kva planer finst ?

-Gang- og sykkelstiar.

-Eldrebustader/helsestasjon/kulturbygg o.s.b.

Eikefjord grendautval ventar seg mykje arbeid i tida som kjem, og utvalet arbeider for å freiste å finne ei ordning med løna sekretær.

Eikefjord grendautval vil halde grendamøter i høve saker der det er naturleg at grenda samlar seg og drøfter spørsmåla.

HJELP OSS Å GJERE EIKEFJORD GRENDAUTVAL TIL EIT
HANDLEKRAFTIG ORGAN FOR BYGDA: BRUK GRENDAUTVALET !

OPPSLAGSTAVLE/POSTKASSE FOR GRENDAUTVALET:

Eikefjord grendautval vil få i stand ei eiga oppslagstavle i filialen av Sparebanken Flora-Bremanger. Her vil det og verte sett opp ein postkasse, der grendafolk kan komme med saker, med tankar, meiningar og framlegg.


Vi vonar at folk vil nytte grendautvalet og på den måten styrkje utvalet si rolle. Dette er grenda sitt eige utval !



VARAMEDLEMMER 1988:

For A. Solheim vara Inger Langedal
for A. Agledal vara Marit Agledal
for T. Stegane vara Unni Aarseth
for J. Osland vara Gunvor Knapstad
for A. S. Hovland vara Kari Eva Sunnarvik
for J. Hovland vara Oddrunn Langedal
for S. Holsen vara Karin Agledal

Eikefjord



grendautval

POSTBOKS 73

6940 EIKEFJORD.

MEDLEMMER 1988:

Audun Solheim (formann)	tlf. 44 860
Asbjørn Agledal	tlf. 44 888
Torleik Stegane	tlf. 44 813
Johnny Osland	tlf. 44 802
Aud Stensvoll Hovland	tlf. 44 816
Jan Hovland	tlf. 44 648
Sigbjørn Holsen	-
